

# Årsmelding

- for kyrkjelydane i Finnøy

# 2020

*Meir himmel på jorda*

Foto: Arne S. Mossige

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Finnøy

# *Meir himmel på jorda*

## Årsmelding 2020 Kyrkja i Finnøy

Hesby sokn

Sjernarøy sokn

Talgje sokn

### Innhaldsliste:

Generelt for Kyrkja i Finnøy..... s. 3

Hesby sokn..... s. 7

Sjernarøy sokn..... s. 9

Talgje sokn..... s. 12

Statistikk..... s. 16

Ymse felles..... s. 19

# *Meir himmel på jorda*

## Kyrkja i Finnøy

Visjon Den Norske Kyrkja: *Meir himmel på jorda*

Kyrkjelydane i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn, er ein del av Tungenes prosti, Stavanger Bispedømme og deler Den Norske Kyrkja sin visjon:

*"Vi er sendt av den treeinige Gud for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling" "I Kristus, nær livet" – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje. Vedkjennande ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Misjonerande ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Tenande ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern av skaparverket. Open ved å utvikle fellesskap som verdset mangfald og respekterer ulikskapar.*

I tillegg har kvart av sokna i Finnøy eigen visjon:

**Hesby - *Bygge Guds rike, så dei kan verta frelse***

**Sjernarøy - *Velkommen til kyrkja***

**Talgje - *Utvid grensene***

Soknerådene har i 2020 jobba med ny visjon og strategiplan. Dette arbeidet vil fortsette i 2021.

# *Meir himmel på jorda*

## **Stavanger, Finnøy kommunedel**



Finnøy kommune blei **1. januar 2020** ein del av Stavanger kommune og Finnøy kyrkjelege fellesråd blei ein del av Stavanger kirkelige fellesråd.

Finnøy kommune hadde ved årsskiftet 3238 innbyggjarar, dette utgjer ein auke på 0,3%. Medlemstala i Den norske kyrkja er 2357 personar, 499 av desse er under 18 år, og høyrar inn under trusopplæringa vår.

I Finnøy har me tre sokn og totalt seks gudsteneste-stader (kyrkjelydar).



# Meir himmel på jorda

## Kyrkja i Finnøy sine tilsette 2020

**Øystein Kirkeli**– dagleg leiar (permisjon frå stillinga) Gravplassforvaltning 25% i Finnøy kommunedel.

**Heidi Bø Sangedal** – Dagleg leiar vikariat 75% og klokkar 10%

**Tor Egil Eriksen** – Sokneprest i Hesby 100% (fram til 1/9- 20)

**Terje Engstrøm** – Sokneprest Talgje og Sjernarøy 100% (frå 1/9- 20 Sokneprest i Hesby sokn)

**Ola Aasland Vold** – Sokneprest i Sjernarøy og Talgje sokn 100% (frå 1/10 – 20)

**Brenda Talgø Kolstadløkken** – Utadretta medarbeidar 50% (10% permisjon, følgjer skoleåret)

**Reidun Aabrek Bråtveit** – Trusopplærar 50% (vikariat frå 15/8 – 20)

**Johanna W Hidle** – Korleiar/Trusopplæring Sjernarøy kyrkjelyd (vikariat frå 15/8 – 20)

**Bjørn Terje Bertelsen** – kantor i Hesby kyrkjelyd 40% og Fogn kyrkjelyd 10%

**Silje Aandstad** – Kantor 10% Talgje kyrkjelyd

**Geir Øyvind Eskeland** – organist 30% Halsnøy, Jørstad og Sjernarøy kyrkjelydar

**Sissel Bleie** - Kyrkjetenar 20% og reinhaldar 20% Hesby kyrkjelyd

**Tor Bjarne Flesjå** – Klokkar 23% Hesby kyrkjelyd

**Jostein Gard** – kyrkjetenar og reinhaldar Talgje (til 1/9 – 20)

**John Sigmund Bjerga** – kyrkjetenar 5,23% og klokkar 5,23% Halsnøy kyrkjelyd

**Kjell Reidar Tingvik** – kyrkjetenar 6,4% og reinhaldar 3,08% Jørstad kyrkjelyd (slutt 31/12-20)

**Anne Skogen** – kyrkjetenar 10,06% Sjernarøy kyrkjelyd

**Kari Hidle** – klokkar 10% Sjernarøy kyrkjelyd

**Morten Nedrebø** – reinhaldar 7% Sjernarøy kyrkjelyd


**Eilef Gard** – klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd

**Ann-Merethe Meling** - klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd

**Dag Olav Sæbøvåg** – kyrkjetenar 9,03% Fogn kyrkjelyd


**Vivian Bøe Djonne**- reinhaldar 6% Fogn kyrkjelyd

Vakant stilling Talgje kyrkjelyd reinhaldar og kyrkjetenar. Utlysing av kyrkjetenarstilling på Talgje og reinhaldar/kyrkjetenarstilling i Jørstad kyrkjelyd.



*Meir himmel på jorda*

# Sokna sitt arbeid 2020



Generelt har dette året vore prega av smittevern i samband med Covid-19. Det betyr at alle har måttå tenke nytt og fleire av dei tradisjonelle aktivitetane våre er blitt avlyst. Det positive er at me har blitt flinkare til å tenke kreativt og bruke digitale hjelpemiddel. Det har og vore vanskeleg å samle soknerådene til fysiske møter. Nokre er blitt avlyst og noko har me tatt på mail. Gledeleg var at me i haust klarte å gjennomføre eit felles diakonimøte for alle sokna.

*Meir himmel på jorda*

# Hesby sokn



*Bygge Guds rike, så dei kan vera freste*

# *Meir himmel på jorda*

## **Hesby sokn**

Hesby kyrkjelyd sin visjon har vore «Bygge Guds rike» med målsetting «så dei kan verta frelse». Soknerådet har starta jobben med å revidere visjonen sin.

Hesby kyrkjelyd har eit godt og breitt samarbeid med kristne lag og organisasjonar på Finnøy.

Soknerådet har hatt 5 møter, i tillegg til 2 felles møter med Sjernarøy og Talgje sokn. Leiar er Dorrit Vignes og nestleiar er Lars Rørtveit. Odd Bleie er soknerådet sin representant i Stavanger kirkelige fellesråd.

Me er svært glade for at arbeidet med tilstandsrapport for Hesby kyrkje er så godt i gong. Og rådet håper og ser fram til at vedlikehaldet av kyrkja etter kvart kan starte opp. Ein ser og behovet for ei oppgradering ute og på kyrkjegarden. Me er og takksame for støtta frå Hjelmeland sparebank på kr 16 000,- til innkjøp av nye mikrofonar.

Soknerådet har hatt ansvar for bønnesamlingar i kyrkja første tysdagen i månaden. Det har og vore 3 tilrettelagte gudstenester i lag med Fåtunet. Me hadde to arrangement i samband med Me syng jula inn. Dette vart også filma og opptak blei lagt ut på Kyrkja i Finnøy og heimesida finnoykyrkja.no. Takk til Bjørnar Mjølsnes som stod for filmproduksjon.

Takk også til Geir Landa for god bistand med lyd.

Ungdomsalpha som er eit trusopplæringsstiltak for 10.klasse vert arrangert på Emmaus av frivillige vaksne. I år var også trusopplæringsstiltaket «Tårnagent» for 3. klasse arrangert i Hesby kyrkje. Babysang for heile kommunen held til på biblioteket. Open Hall/KRIK for ungdom er eit samarbeid mellom sokneråda. Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med sundagsskulen knytta opp til familiegudstenester.

Påskevandringa på Nordre Vignes måtte dessverre utgå pga smittevern. Besøkstenesten i soknet har vore i verksemd i den grad smittevernhensyn har tillete det.

Me har hatt eit godt samarbeid med Ryfylke Livsgnist om konseptet «Gøy på Finnøy» med forestilling i kyrkja og «Jul på Finnøy» med julekonsert i kyrkja. I tillegg hadde me ein stall på Judaberg i samband med arrangementet, mange var innom.

I tillegg til eigne arrangement har det vore ein julekonsert v/Aina Økland og Arild Schøld som Lifesound var ansvarleg for.

*Meir himmel på jorda*

# Sjernarøy sokn



*Velkommen til kyrkja*

# *Meir himmel på jorda*

## **Sjernarøy sokn**

Sjernarøy sokn består av Sjernarøyane og Ombo. Visjonen er "Velkommen til kyrkja". Det finst to kyrkjer; Sjernarøy kyrkje på Kyrkjøy, og Jørstad kyrkje på Ombo. Soknerådet har hatt 4 møter i tillegg til 2 felles soknerådsmøter med Hesby og Talgje sokn. Leiar er Terjer Hidle og nestleiar Kari Hidle. Soknerådet sin representant i Stavanger kirkelige fellesråd er Terjer Hidle.

## **Jørstad kyrkjelyd**

Årsmøte for soknet vart halde i Jørstad kyrkje i samband med hausttakkefesten i september. Der vart det og gitt informasjon om dei rettane folk på Ombo som tihøyrt Hjelmeland kommune har med seg videre. Det blei påpeika eit behov for å sikre røyromnane i kyrkja. Det faste gudstenesteoppmøtet er lite, men trufast. Det er gledeleg at det ved familiegudstenester som hausttakkefest og bibeldag er auka oppslutning. På Ombo er det Barneglede som er eit kor for dei yngste barna. Dei samlast i kyrkja annankvar veke og er ca 15 barn. Coronasituasjonen har gjort at det ikkje har vore Barneglede sidan mars 2020.

Det er snakk om å arrangere formiddagstreff på Ombo i lag med Helselaget, men coronasituasjonen har gjort at me har måttat utsette oppstart. Dei over 80 år fekk besøk frå soknerådsrepresentant og det blei gitt ein bordkalender i gåve frå soknerådet.

Kyrkjetenar og reinhaldar Kjell Reidar Tingvik slutta ved årsskiftet. Tusen takk for lang og trufast teneste!

# Meir himmel på jorda

## Sjernarøy kyrkjelyd

I haust har Johanna Hidle leia Sjernarøy kantori i lag med organist Geir Eskeland. Dette var eit kjekt tilbod for barn frå 5. klasse og oppover. Koret var eit viktig bidrag i alle gudstenestene i haust og julafesta. Det har vore 2 sangkveldar i regi av Unni Sæves Vignes det er eit kjærkomment bidrag til den kristne verksemda. I tillegg blei det arrangert Me syng jul inn. I år blei arrangementet streama og mange har fått sett både dette og gudstenesten på julafesta digitalt. Takk til Morten Nedrebø som filma. Elles har det vore ein sommarkonsert i kyrkja v/gitarelevar. Det blei arrangert eit føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus med ca 10 deltakerar. På grunn av smittevern kunne me ikkje arrangere fleire. Vi gler oss over at vi har eit barnelag i Sjernarøyane og har deltagarar frå 0-15 år, dei yngste i lag med vaksne.

Dessverre har coronasituasjonen gjort at det ikkje har blitt gjennomført som planlagt i 2020. Roturen blei i år utsett til hausten og forkorta til ein dag utan overnatting. Ungdommane rodde frå Nord – Hidle via Hidleholmen, vidare til bading i Aubøsundet og til Eik, der me avslutta med ein kort gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Ein veldig kjekk dag takka vere god lokal innsats frå Hidle 😊 Det er engasjement for å starte med besøksteneste til eldre i Sjernarøy.



*Meir himmel på jorda*

# Talgje sokn



*Utvrid grensene*

# Meir himmel på jorda

## Talgje Sokn

Består av **Talgje kyrkjelyd** på øya Talgje, **Fogn kyrkjelyd** på øya Fogn med Bokn, Byre og Måløy, og **Halsnøy kyrkjelyd** på øya Halsnøy. Visjonen er "Utvid grensene". Talgje sokneråd har siste året jobba med ein ny visjon og strategiplan som vil bli vedtatt i 2021. Kvar øy har sin kultur og ein må difor arbeide på ulike måtar, for å få kyrkja sin visjon utført på kvar øy. Utanom arbeidet og trusopplæringa som drivast av kyrkja, drives det mykje arbeid blant både vaksne, barn og unge på alle øyane i regi av bedehuset og frivillige. Kyrkja ønsker godt samarbeid med lokale frivillige og organisatoriske krefter. Soknerådet har hatt 5 møter i tillegg til 2 felles soknerådsmøter med Hesby og Sjernarøy. Leif Kolnes har vore leiar og Eilef Gard nestleiar. Eilef Gard er soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd.

Talgje sokneråd har det siste året bestemt nytt misjonsprosjekt som skal gjelde frå 2021. Dette er Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador.

# *Meir himmel på jorda*

## **Fogn kyrkjelyd (årsrapport [www.ionmedia.no](http://www.ionmedia.no))**

Året starta med ein Bibelstafett ved at heile Bibelen blir lesen frå lesepulten i kyrkja. Dette pågår over eit par veker og det tar ca 84 timer å lese gjennom. Dette har blitt gjort kvart sjuande år og var nå tredje gong det blei gjennomført.

Elles har dette året vore prega av avlysningar og utsett konfirmasjon noko som har gått utover den faste kyrkjelyden sine tilbod. 1. påskedag blei det arrangert Drive – in gudsteneste i lag med Fogn misjonsforsamling.

Trusopplæringstiltaket for alle 6.klassingar i kommunen Lys Vaken arrangerast på Fogn. Dette året blei det dessverre avlyst.

Fogn kyrkje har ein ansvarskomite, som blant anna har ansvaret for å fordele praktisk arbeid i kyrkja, inkl. kyrkjekaffien. Målet er og å arrangere møter og konsertar. Dette året hadde me eit onsdagsmøte. Me har og hatt ein bønn – og lovsangskveld. I advent – og juletida blei det streama gudstenester og Me syng jula inn med svært gode tal på antal visningar, takk til Østhus Media for filming.

Det er barnekor og eit tilbod til dei yngste barna Hobby og tru. For vaksne er det torsdagstreff med vafler. Det har og vore arrangert komlemiddag i kyrkjekjellaren ein gong i løpet av året. Den årlege basaren måtte dessverre utgå pga smittevern. Parkeringsplassen ved kyrkja blei ferdigstilt med belysning like før jul. Dette blei betalt av innsamla midler. Plassen vart også oppgrusa og oppjustert, dette som vedlikehald kosta av Fellesrådet.

# *Meir himmel på jorda*

## **Halsnøy kyrkjelyd**

Gudstenestene har gjennom året vore stabilt besøkte på Halsnøy. I normale tider er det kyrkjekaffi og prest og organist har vore med og hatt god tid, før dei har reist vidare til Jørstad kyrkje. Det var ingen konfirmantar dette året. Halsnøy har vore og er framleis vertskap for trusopplæringsprosjektet "Pinse for alle", som rettar seg mot 4. klassingar i heile Finnøy kommunedel. Ei gruppe lokale har vore aktivt med. Dessverre måtte tiltaket utgå på grunn av smittevern. Ein har gudstenesta på eit bedehus, med tradisjon for lågkyrkjelege seremoniar, og ein vil derfor jobbe vidare med gudstenesteliturgien for å gjere at den passar godt til folkesjela på Halsnøy. Kyrkja ønsker eit godt samarbeid med bedehuset og organisasjonane på Halsnøy.

## **Talgje kyrkjelyd**

Det er ein ansvarskomite for kyrkja på Talgje, der soknerådsmedlemmene og ansatte er med saman med nokre til frå kyrkjelyden. Komiteen tek ansvar for kveldsbønn i kyrkja x 1 pr mnd, kyrkjekaffi ved nokre anledningar, og arrangerer kvart år ein syng jula inn i tillegg til andre oppbyggelege møter og konsertar. Øya har husgrupper tilknytt kyrkja. Det var ein julevandring med barnehagen på Talgje i adventstida. Det er ein jamn oppslutning på gudstenestene. Store deler av året har det kun vore lov med 40 personar inne i kyrkja.

Det har vore barn og andre med som medliturgar i gudstenestene. Det er og verdt å merke seg at når det er gudsteneste på Talgje kjem det også folk frå Finnøy. Orgelkomiteen har hatt ein konsert til innsamling av pengar til nytt orgel. Det vart arrangert ein konsert i regi av Stavanger barokk i august. Kyrkja vert nytta til ein digital førjulskonsert ved Kjell Inge Torgersen og Arild Schøld.

Talgje kyrkje er open og har jevnt besøk utanom gudstenester og faste arrangement. Jostein Gard er primus motor for å fortelje om kyrkja si historie. Jostein Gard slutta som kyrkjetenar og reinhaldar dette året etter lang og tru teneste. Han og hans folk har i samarbeid med Fellesrådet gjort ein stor innsats med vedlikehald dette året. Ragnhild Aandstad har vikariert på timesbasis som reinhaldar og kyrkjetenar.

# *Meir himmel på jorda*

## **Statistikk 2020**

### **Hesby sokn:**

**Dåp:** **14 i 2020** (13 i 2019, 21 i 2018, 18 i 2017, 26 i 2016, 21 i 2015, 22 i 2014, 21 i 2013)

**Konfirmaerte:** 15 i 2020 (19 i 2019, 25 i 2018, 24 i 2017, 26 i 2016, 28 i 2015, 24 i 2014, 19 i 2013)

**Vigslar:** **3 i 2020** (6 i 2019, 2 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 2 i 2015, 9 i 2014, 7 i 2013)

**Gravferder:** **8 i 2020** (15 i 2019, 13 i 2018, 13 i 2017, 13 i 2016, 9 i 2015, 8 i 2014, 18 i 2013)

**Totalt antall gudstenester:** **48 i 2020** (52 i 2019, 45 i 2018, 47 i 2017, 49 i 2016, 54 i 2015, 54 i 2014)

**Snitt antall på Gudstenestene:** **43,5 i 2020** (71,8 i 2019, 92,2 i 2018, 98 i 2017, 88,7 i 2016, 91 i 2015, 97 i 2014, 89 i 2013, 61 i 2012)

**Sundagsgudstenester:** 27 i 2020 med snitt 61,6 (104,3 i 2019, 124,6 i 2018, 124,6 i snitt i 2017, 115 i snitt i 2016, 110 i snitt i 2015)

**Antall nattverdsgudstenester:** **13 i 2020** (17 i 2019, 17 i 2018, 24 i 2017, 20 i 2016, 22 i 2015, 18 i 2014)

**Totalt tal på nattverdsgjestar:** **702 54 i snitt** (1234, 72,5 i snitt i 2019, 1258, 74 i snitt i 2018, 2164, 90,2 i snitt i 2017, 1570, 78,5 i snitt i 2016, 1721, 78 i snitt, 1386 snitt på 77 i 2014)

**Utmeldingar:** **6 i 2020** (4 i 2019, 7 i 2018, 9 i 2017, 15 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

**Innmeldingar:** **2 i 2020** (2 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017)

# *Meir himmel på jorda*

## **Sjernarøy sokn:**

**Dåp:** **6 i 2020** (6 i 2019, 5 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 8 i 2015, 12 i 2014, 4 i 2013)

**Konfirmerte:** **2 i 2020** (6 i 2019, 4 i 2018, 9 i 2017, 6 i 2016, 5 i 2015 0 i 2014, 3 i 2013)

**Vigslar:** **2 i 2020** (2 i 2019, 6 i 2018, 2 i 2017, 5 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014, 3 i 2013)

**Gravferder:** **7 i 2020** (4 i 2019, 8 i 2018, 4 i 2017, 13 i 2016, 7 i 2015, 9 i 2014, 7 i 2013)

**Totalt antall gudstenester:** **24 i 2020** (29 i 2019, 28 i 2018, 27 i 2017, 30 i 2016, 33 i 2015, 30 i 2014, 29 i 2013)

**Snitt antall på Gudstenestene:** **29,6 i 2020** (41,9 i 2019, 39,6 i 2018, 50,5 i 2017, 53,9 i 2016, 52,3 i 2015, 46,3 i 2014)

**Snitt antall på Sundagsgudstenester i soknet:** 30,35 i 2020 (41 i 2019, 38,6 i 2018, 49,8 i 2017, 54,2 i 2016, 46 i 2015)

**Antall nattverdsgudstenester:** **6 i 2020** (14 i 2019, 12 i 2018, 10 i 2017, 8 i 2016, 6 i 2015, 10 i 2014)

**Totalt tal på nattverdsgjester:** **83, snitt 13,8** (247, snitt 17,6 i 2019, 145, snitt 12,1 i 2018, 224, snitt 22,4 i 2017, 157, snitt 19,6 i 2016, 100 snitt 16,6 i 2015, 144, 14,4 i snitt 2014)

**Utmeldingar:** **0 i 2020** (0 i 2019, 1 i 2018, 2 i 2017, 4 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

**Innmeldingar:** **0 i 2020** (1 i 2019)

# *Meir himmel på jorda*

## **Talgje sokn:**

**Dåp:** **5 i 2020** (4 i 2019, 6 i 2018, 8 i 2017, 12 i 2016, 12 i 2015, 8 i 2014, 5 i 2013)

**Konfirmerte:** **8 i 2020** (8 i 2019, 7 i 2018, 10 i 2017, 9 i 2016, 7 i 2015, 6 i 2014, 18 i 2013)

**Vigslar:** **0 i 2020** (0 i 2019, 2 i 2018, 1 i 2017, 2 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

**Gravferder:** **7 i 2020** (3 i 2019, 4 i 2018, 5 i 2017, 5 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014, 5 i 2013)

**Totalt antall Gudstenester:** **52 i 2020** (66 i 2019, 62 i 2018, 61 i 2017, 59 i 2016, 65 i 2015, 51 i 2014, 52 i 2013)

**Snittnatall på Gudstenestene:** **42,4 i 2020** (43,9 i 2019, 50 i 2018, 56,8 i 2017, 60,7 i 2016, 48 i 2015, 57,3 i 2014, 60 i 2013)

**Totalt antall Sundag/helgedag GT:** 37 i 2020 (43 med snitt på 51,2 i 2019, 43 med snitt på 58 i 2018, 43 med snitt på 67,2 i 2017, 41 med snitt på 71,5 i 2016, 41stk med snitt på 55 i 2015)

**Antall nattverdsgudstenester:** **14 i 2020** (27 i 2019, 30 i 2018, 30 i 2017, 19 i 2016, 25 i 2015, 24 i 2014)


**Totalt tal på nattverdsgjestar:** **457, snitt 32,6** (962, snitt 35,6 i 2019, 1005, snitt 33,5 i 2018, 1248, snitt 41,6 i 2017, 977, snitt 51,4 i 2016, 842 33,7 i snitt i 2015, 949 ,39,4 i snitt i 2014)

**Utmeldingar:** **2 i 2020** (6 i 2019 (0 i 2018, 16 i 2017, 29 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

**Innmeldingar:** **0 i 2020** (1 i 2019, 1 i 2018)

# Meir himmel på jorda

## Trusopplæringstiltak – sjå eigen trusopplæringsrapport



STØRST AV ALT

**0-1 år** Dåpssamtalar, dåp og babysong

**1-3 år** Samling i kyrkja for å lære kveldsbøner, med utdeling av materiell, og invitasjon til Gudsteneste. I Hesby [sokn er](#) det samling for 2 åringane.

**4 år:** 4 års bok – Samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste der dei får utdelt ein barnebibel.

**5 år:** Utdeling av aktivitetsbok på ei samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste. I lag med 4 åringane. I Talgje og Sjernarøy sokn har me ei felles samling for 1 – 5 år.

**6 år:** 1. klasse på Finnøy blir invitert til haustattakkefest og får ei Bibelbok. Dei får også skulebesøk. På dei andre øyane blir 6- 9 år (1-4 kl) invitert ilag og får ulike bøker / CD kvart år i haustattakkfesten i kyrkja. Dei får også felles skulebesøk. Det er stor oppslutning rundt dette arrangementet i kyrkjene.

**7 år:** Invitasjon til Påskevandring på Finnøy, samt utdeling av påskebok eller påske CD. Dette er eit samarbeid med Sundagsskulen på Finnøy.

**8 år:** Tårnagenthelg. Borna får lære om kyrkja, misjon og Bibelen på ein spanande måte.

**9 år:** Pinsevandring på Halsnøy, Samling som varar i 3 timer der dei får lære pinsehistoria i ord og handling. Avslutta med grillfest.

**10 år:** Utdeling av Godt nytt. Skulebesøk og innbydelse til Bibeldagen i kyrkja.

**11 år:** Lys vaken. Eit døgn der me vert lys vakne for den verdensvide kyrkja og dei rundt oss. Førebuing til og aktiv deltagelse i gudsteneste. Arrangert i Fogn kyrkje.

**12 år:** Rotur frå Talgje til Sjernarøy med overnatting på Emmaus. Roturen har som tema å lære om liturgien i kyrkja.

**13 år – 18 år:** Open Hall. 12 – 16 fredagskveldar i løpet av året med fokus på samvær, ballaktivitet og andakt. Nært samarbeid med KRIK.

**14 -15 år** Konfirmasjon. Meir om Konfirmasjon neste side.

**15 år** Ungdomsalpha. 10 kveldar pluss ein weekend med fokus på dei sentrale tema i den kristne trua. Alle leierar er frivillige frå Finnøy.

I tillegg til dette har kyrkja samarbeid med skular og barnehagar knytt til jul og påske.

# *Meir himmel på jorda*

## **Konfirmasjon**

Prest Terje Engstrøm har hatt hovudansvar for konfirmantopplegget i samarbeid med andre i staben og frivillige. I samarbeid med foreldre blir det arrangert 24 timers leir på Furutangen med egenandel på 450 kr. Ellers har vi hatt fjellturgruppe og sykkelgruppe. Vi har Sunt og Sant «refleksjonsgruppe» rundt etiske dilemma knytta til rus og seksualitet 4 gonger. Det har også vore heimegrupper. Konfirmasjonane i år blei utsett til oktober.

Det er årleg fasteaksjon dette året blei denne digital. I tillegg er det fellesundervisning på Bethel. Konfirmantane deltek på totalt 8 Gudstenester. Der konfirmantane er aktivt deltakande på fleire. Vi viser til Konfirmasjon i Finnøy på Facebook og heimesida for konfirmantane for meir informasjon [www.kyrkja.com](http://www.kyrkja.com) og youtube kanalen Hesby Media for video av aktivitetane.



Konfirmantar i Fogn kyrkje

# *Meir himmel på jorda*

## **Diakoni**

Diakoniutvalget har i år arrangert eit felles diakonomøte kor me fekk inspirasjon til diakoni i våre sokn. Det har blitt jobba inn i mot Fellesråd og bispekontor med tanke på å få ein diakonstilling til Finnøy. Det blei søkt om statleg støtte til ei stilling, men foreløpig har me ikkje nådd opp med dette. Det forventes ein eigen innsats ved Fellesråd/lokale sokn på 50 %. I desember samarbeida me med Frivilligsentralen om ein Julegåveaksjon, der det kom inn drøye 20 000,- som blei brukt som pengegåver til familiar i vår kommunedel som treng det, gitt gjennom NAV Rennesøy og Finnøy.

Prest og andre ansatte har sjelesorg og heimebesøk, samt andakter og besøk på sjukeheimen og andre eldretreff. På Hesby er det ei besøksgruppe. Den består av ca 10 personer. Gruppa går på besøk ved runde og halvrunde tal. Det er mykje arbeid for eldre, der prestar blir invitert til å halde andakt regelmessig. Frivillige har også andakt kvar sundag på sjukeheimen. Me legg og vekt på å utruste kvar einskild truande til å være "prest" for sin neste. Dette ser me mykje av. Me har tilrettelagte gudstenester som arrangerast 2 gonger per semester. Det er god oppslutning og god stemning blant deltakarane.

# Meir himmel på jorda

## Misjon

Både Talgje og Hesby sokn har utsendte misjonærar i sin midte. Dei er tilknytte organisasjonar, men kyrkjelydane kjenner sterkt tilknytting til dei. Utover det, blir det samla inn takkoffer til ulike misjonsorganisasjoner, og kvart sokn har sitt misjonsprosjekt.

## Hesby sokn:

Kjellfrid Eggebø frå Finnøy, arbeider for ILTC og ho er delar av året i Tanzania. Og ho fortel at det er kjekt og veldig meingsfullt. Iraqw-folket og språket deira har ikkje hatt gode kår i Tanzania. Men takka vere den entusiastiske og sjøloppfrande innsatsen til Frøydis Nordbustad frå Tysnes, fekk dei i 2004 Bibelen på sitt eige språk. Dette er verkeleg eit stort løft for dette folket og identiteten deira. I 2005 vart ILCT stifta. Dei har leseopplæring for Iraqw-folket som hovedoppgåve. Kjellfrid er med og driv språkopplæring. Dei flinkaste elevane blir lærte opp så dei sjøl kan vere lærerar. Og nå er ho med på å lære opp ca 50 lærerar som igjen driv leseopplæring for vaksne.

Dei som deltek i undervisninga kan verken lesa eller skriva frå før. Det gir store resultater. ILCT driv ikkje med bibelundervisning eller kyrkjelydsarbeid direkte, men dei samarbeider med dei kristne kyrkjene i den delen av landet der Iraqw-folket bur. (Les vidare neste side.)



Leseopplæring for analfabeter.

# Meir himmel på jorda

For å vekke interesse for leseopplæringa, viser dei gjerne ein film ute på eit torg eller ein annan høveleg plass. Ein Jesusfilm er veldig populær. Då får dei kontakt med folk og oppmuntrar dei til å bruke sitt eige språk og lære å lese dette. Hesby sokneråd har valgt ILCT som sitt misjonsprosjekt for ein periode. Kjellfrid har ikkje løn for dette arbeidet, men likevel trengs det pengar, til reiser, bilar, utstyr og litt løn til dei som driv som lærerar.

## Sjernarøy sokn:

Støtter Misjonselskapet sitt arbeid på Madagaskar, til utdanning av lokale evangelistar.

## Talgje sokn:

Støtter Livets kilde som driv evangelisering og diakoni i Kenya. Jostein Gard er primus motor for dette arbeidet i Noreg. Prosjektet starta i 2005 og det er totalt samla inn 267 800,- Prosjektet avsluttet 2020. Nytt misjonsprosjekt er valgt og dette er Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador.

# *Meir himmel på jorda*

## **Sokneråd 2019-2023**

### **Hesby sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Lars Rørtveit
2. Olav Reilstad
3. Dorrit Vignes
4. Odd Birger Bleie
5. Heidi Kristin Urtegård
6. Kjetil Sevheim

Varamedlemmer:

1. Helene Steen (perm 2020/2021)
2. Anlaug Flesjå
3. Kjell Harald Lunde
4. Birte Lauvsnes Hetland
5. Åse Stang

### **Sjernarøy sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Kari Hidle
2. Eivind Norheim
3. Terjer Hidle
4. Åse Marit L Sinnes
5. Ragnhild Frøyland
6. Hege Berglund (perm 2020 -2021)

Varamedlemmer:

1. Sissel Haavik Vadla
2. Grete Hiim
3. Benny T Helgeland
4. Helga Vadla
5. Beate Ø Hauge

### **Talgje sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Leif Kolnes
2. Eilif Johan Gard
3. Ottar Sandanger
4. Sissel Sørestad Halsne
5. Inger Marie Egeland
6. Anne Elisabeth H Hindal
7. Arne Martin Aandstad
8. Jostein Østhushus

Varamedlemmer:

1. Oddbjørg Marie Maaland
2. Eva Bringeland
3. Else Jorunn Løland Vold
4. Ingebjørg Bøe
5. Berit Helen Gard